



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kristin Espeset, 5557 2141

Bjørn-Harald Haugsvær, 57643071

Tiltak krevst for å få sirkulær bruk av biorest/organisk avfall

Vi ber med dette om at det vert tatt statleg initiativ til eit nasjonalt arbeid for sirkulær bruk av biorest og anna organisk avfall i tråd med gjeldande regelverk. Det er behov for tiltak som omsetningskrav, investeringsstøtte og teknologiutvikling for å lage produkt av biorest. Avfallsbransjen inkludert biogassaktørar, avløpsbransjen, biogassaktørar, oppdrettsnæringa, næringsmiddelindustri og landbruket bør vere med i eit slikt arbeid. Statsforvaltaren i Vestland kan gjerne bidra i arbeidet.

1. Bakgrunn

Det er et stort overskot av fosfor i Noreg. Tal frå Miljødirektoratet viser eit årleg overskot på meir enn 20 000 tonn. Alle er samde om at biologisk fosfor, til dømes frå biorest og kloakkslam, er ein viktig ressurs. Men, i dag finst det ikkje løysningar som gjer at vi kan nytte denne resursen til å lage produkt som konkurrerer med importert mineralsk fosforgjødsel. Framover vil kommunane få ein vesentleg høgare kostnad med reinsing av avløp, samtidig som dei manglar avsetning for kloakkslam. Vi vil også få stadig aukande utfordringar med å finne avsetning for fiskeslam. Vi erfarer no at mykje organisk avfall blir deponert.

1.1 Nytt gjødselregelverk

Innføring av nytt gjødselregelverk i 2025 var viktig for å gjere gjødselbruken på landbruksareal meir tilpassa behovet og redusere avrenning til vassdrag. Fosforinnhaldet i jorda vår er høgt grunna bruk av husdyrgjødsel og mykje kraftfôr i husdyrproduksjon dei siste 50 åra. Grunnen til at vi har denne situasjonen er nasjonal kanaliseringsspolitikk som gjer at husdyrproduksjonen er samla på Vestlandet og i Nord-Noreg, medan kornarealet er på Austlandet og i Trøndelag.

Nytt gjødselregelverk har redusert mengde fosfor det er lov å tilføre landbruksareal og parkar/hagar. Dette har vore nødvendig for å redusere avrenning til vassdrag og for å nå miljømåla i Vassrammedirektivet. Konsekvensen er at gardsbruk no har behov for 60 % meir spreieareal.



1.2 Mengda innsamla organisk avfall aukar

Krav om reinsing, kjeldesortering, resirkulering og gjenvinning gjer at mengda innsamla organisk avfall aukar mykje. Dette skjer mellom anna med bakgrunn i Industriutsløppsdirektivet, Avfallsdirektivet og Avløpsdirektivet frå EU. Konkret gjeld dette matavfall, kloakkslam, fiskeensilasje og fiskeclam frå oppdrettsnæringa m.v.

1.3 Manglar løysing for bruk av biorest og anna organisk restavfall

I tråd med nasjonal politikk er det no gitt løyve til fleire biogassanlegg i Vestland, og fleire er under planlegging. Til saman skal desse behandle over 300 000 tonn organisk substrat. Noko av bioresten skal brukast som gjødsel, men ein stor del av bioresten er det ikkje marknad for i Vestland. Vi erfarer at andre fylke opplever dei same problema. No sist har det vore ei sak i Trøndelag der eit biogassanlegget leverte bioresten til ein mottakar som brukte bioresten utan godkjenning.

1.4 Norsk Standard- prosjektet

Fleire bransjar har no gått saman med Standard Norge om å utarbeide ein nasjonal standard med krav til kvalitet for avfall som vert levert til biogassanlegg. Gjennom dette arbeidet skal ein sikre at bioresten har god nok kvalitet til å kunne brukast som gjødsel i matproduksjon.

1.5 Nasjonalt mål om auka biogassproduksjon

Noreg har ikkje eit offisielt nasjonalt mål for produksjon av biogass. Men Stortinget bad i mai 2025 regjeringa om å legge fram ein plan for auka produksjon. Måla det vart peika på var 5 TWh i 2030 og 10 TWh i 2035. Dette betyr ein årleg vekst på 1 TWh frå 2025. Enova skal medverke til å nå desse måla.

Dersom vi ikkje finn løysingar for bruk av bioresten vil det avgrense veksten i biogassnæringa og dermed at vi når måla vi har sett.

2. Frå avfall til produkt

2.1 Avfallsregelverket

Med bakgrunn i forureiningslova § 32 og avfallsforskrifta §§ 10a-13 og 10a-14 vert biorest i dag klassifisert som avfall. Målet er at dette kan bli eit produkt. Forureiningslova § 27 tredje ledd set desse krava for at avfall går over til å vere eit produkt:

- *har gjennomgått gjenvinning*
- *skal brukes til bestemte formål*
- *kan omsettes i et marked eller er gjenstand for etterspørsel*
- *innfrir de tekniske kravene som følger av de aktuelle bruksområdene og eventuelle produktkrav og -standarder, og*
- *ikke medfører nevneverdig høyere risiko for helseskade eller miljøforstyrrelse enn tilsvarende gjenstander og stoffer som ellers kunne blitt brukt.*

2.2 Frå avfall til gjødselprodukt

Ekspertgruppa oppnemnt av regjeringa leverte sin fagrapport «Ikke rett fram» mai 2025. Rapporten omhandlar verkemiddel for sirkulær økonomi.

I kapitel 14 skriv dei om bioressursar:



Det store volumet av fosfor og nitrogen fra husdyrgjødsel og fiske slam som i dag slippes ut i naturen i Norge, har en mulig verdi i andre verdikjeder. En årsak til at restråstoff ikke i større grad utnyttes, er utilstrekkelig regulering og prising av flere av de samfunnsøkonomiske kostnadene i bionæringenes verdikjeder. Virkemidler som i større grad stiller markedsaktørene overfor disse kostnadene, vil gi insentiver til å bedre utnyttelsen av restråstoff og stimulere markedene og teknologiutvikling innen produksjon av produkter som baserer seg på gjenvunnede råvarer.

Ekspertgruppa har forslag om 10 ulike tiltak og verkemiddel for sirkulær bruk av bioressursar. Vi vil trekke fram to av dess tiltaka:

- *Det etableres en nasjonal ressuroversikt over restprodukter og sidestrømmer fra bionæringene*
- *Det innføres et omsetningskrav for resirkulert fosfor i gjødselvarer overfor gjødselhandlerne for å fremme bruken av resirkulert fosfor på bekostning av primærfosfor utvunnet fra fosfatstein*

2.3 Avfallsdirektivet

Avfallsdirektivet er teke inn i EØS-avtalen, noko som betyr at Noreg er forplikta til å gjennomføre det i nasjonal rett. I avfallsdirektivet er det føresegner som mellom anna seier at materialgjenvinning skal prioriterast framfor brenning, og at det må setjast i verk tiltak for å fremje bruk av bioavfall. Sjå utdrag frå artikkel 4.1 og 22.2 i avfallsdirektivet under.

Artikkel 4.1- avfallshierarkiet

Følgende avfallshierarki skal gjelde som en prioritert rekkefølge i avfallspolitik og avfallslovgivning

- a) forebygging*
- b) forberedelse til ombruk*
- c) materialgjenvinning*
- d) annen gjenvinning, deriblant energiutnytting (brenning)*
- e) sluttbehandling (deponering)*

Artikkel 22.2.c) Bioavfall

Medlemsstatene skal treffe tiltak i samsvar med artiklene 4 og 13 for å:

- c) fremme bruken av materiale produsert fra bioavfall.*

3. Kva seier bransjen

3.1 Avfallsaktørar/biogassaktørar ønsker gjødselproduksjon

I vår kontakt med aktørar innan avfall og biogass, kjem det fram at bransjen ser det som fullt mogleg å få til gjødselproduksjon basert på næringsstoff som eksisterer lokalt. I følgje bransjen må premissa for ein slik produksjon setjast av staten, her døme på punkt som bør oppfyllest:

1. For å få omsetnad på gjødsel må etterspurnaden etter biogjødsel opp. Dette kan gjerast med eit krav om omsetnad av gjenvunnen gjødsel.
2. Import av mineralgjødsel reduserer bruk og omsetnad av biogjødsel. Importen bør avpassast med nasjonal gjenvunnen gjødsel.
3. Infrastruktur for produksjon av organisk gjødsel er kapitalintensivt og krev store investeringar. Her må styresmaktene kunne legge til rette for investeringsstøtte med mål om å auka gjenvinning.



4. I dag er det utfordringar med ulike regelverk og forskrifter mellom land for bruk av gjødsel i landbruket. Regelverk må tilretteleggja for eksport, og internasjonal og norsk rett må balanserast.
5. Transport av organisk gjødsel er kostnadsdrivande og ei tilskotsordning for å få fosforrik biogjødsel ut av regionar med opphoping kan bidra til måloppnåing.

3.2 Brenning

Vi har fått fleire spørsmål med ønske om avklaring kring brenning av organisk avfall og biorest. Nokre aktørar ønsker å brenne organisk avfall, mellom anna fiskeslam, også utan at det først har vore handtert i eit biogassanlegg.

Det er også spørsmål om handtering av organisk avfall ved pyrolyse. Biokol, som er det som kjem ut av pyrolyseprosessen, har ikkje nytteeffekt i landbruksjord i Noreg, men i meir tørkeutsette område i tropiske og subtropiske strøk.

3.3 Norsk Vann

Kommunane i Norge har gjennom Norsk Vann etablert ein felles interesseorganisasjon for vassbransjen og arbeidet med reinsing av avløp. Skjerpa krav til reinsing vil medføre ein vesentleg kostnadsauke for kommunane. Samstundes er det ei utfordring å få avsetnad på kloakkslammet. Etter nytt gjødselregelverk skal fosfor både i mineralgjødsel og kloakkslam reknast inn i «kvoten» av fosfor ved gjødsling. Norsk Vann erfarer no at mange bønder vegrar seg for å ta i mot avløpsslam og at det er mangel på godkjente plasser for mellomlagring av slam. Bonden prioriterer kjent gjødseleffekt i mineralgjødsel, og bruk av avløpslam vert redusert. Kommunane står då utan marknad for slammet. Norsk Vann meiner at det må etablerast eit statleg program for teknologiutvikling for gjenvinning av organisk avfall.

3.4 Gjødselaktørar

Gjødselprodusentar vi har vore i kontakt med, meiner at stabil tilgang på råstoff og kjente rammer er avgjerande for å etablere ein ny marknad for resirkulerte næringsstoff. Eit nytt produkt må vere eigna for transport, lagring og bruk/spreiing. Samstundes må produkta vere effektive. Landbruket er skeptisk og vurderer gjødseleffekten og kostnadene samanlikna med mineralgjødsel. Det er såleis viktig at staten stimulerer til bruk.

4. Vår tilråding for vidare arbeid

Vi står i dag ovafor ulike val. Dersom vi vil få til resirkulering, må vi handle i tråd med det. Her kan vi følge råda til ekspertgruppa nemnt over. Staten bør også vurdere andre verkemiddel som for eksempel støtte til etablering av gjødselabrikkar og eit program for teknologiutvikling. Bransjen ønskjer eit nasjonalt initiativ og vil gjerne vere med i dette arbeidet. Vi kan også bidra. Arbeidet kan t.d. starte med å lage ein nasjonal strategi med mål og verkemiddel.

Dette arbeidet hastar. Både for å ta vare på den biologiske ressursen, nå måla for biogassproduksjon og for å unngå forureining av jord og vassdrag.

Vi ber departementa ta initiativ og koordinere dette arbeidet.



Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Bjørn-Harald Haugsvær
ass landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 56	7701	STEINKJER
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN

Mottakerliste:

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET	Postboks 8013 DEP	0030	OSLO
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENTET	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO